

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/27/08

av 3. desember 2004

om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i dei nordlege delane av Vogesane, Frankrike(*)*[meldt under nummeret K(2004) 4538]***(Berre den franske teksta er gyldig)**

(2004/832/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾,
særleg artikkel 16 nr. 1 andre leddet og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I 2002 vart det påvist klassisk svinepest i populasjonen av viltlevande svin i departementa Moselle og Meurthe-et-Moselle i Frankrike. På det tidspunktet var det berre området kring Thionville i den nordlege delen av Moselle som var ramma av sjukdommen. I dette området verkar det som om sjukdommen no er under kontroll.
- 2) Den planen som Frankrike har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Moselle og Meurthe-et-Moselle, vart godkjend ved kommisjonsvedtak 2002/626/EF⁽²⁾.
- 3) Frankrike har òg sett i verk eit omfattande program for å overvake klassisk svinepest hjå viltlevande svin i departementa Ardennes, Meurthe-et-Moselle, Moselle og Bas-Rhin, som grensar mot Belgia, Tyskland og Luxembourg. Dette programmet er framleis i kraft.
- 4) Klassisk svinepest vart seinare òg påvist hjå viltlevande svin i Bas-Rhin, og spreidde seg til dei nordaustlege delane av Moselle i dei nordlege delane av Vogesane. Det vart fastsett at denne andre epidemien kom frå ei anna virusstamme og utvikla seg på ein annan måte enn den som var påvist i området kring Thionville.

- 5) Frankrike har difor lagt fram for godkjenning ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei nordlege delane av Vogesane. Ettersom denne medlemsstaten aktar å innføre vaksinasjon av viltlevande svin i det nemnde området, har han òg lagt fram for godkjenning ein plan for naudvaksinasjon.
- 6) Dei franske styresmaktene har gjeve løyve til at det kan leggjast ut lokkemat som inneheld ein svekka levande vaksine mot klassisk svinepest (C-stamme), til immunisering av viltlevande svin.
- 7) Dei planane som Frankrike har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjonen av slike svin i dei nordlege delane av Vogesane, er vortne granska og funne å vere i samsvar med føresegnene i direktiv 2001/89/EF.
- 8) Av omsyn til klarleiken bør det i dette vedtaket gjevast opplysningar om dei geografiske områda der utryddings- og naudvaksinasjonsplanane skal gjennomførast.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Den planen som Frankrike har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i det området som er nemnt i nr. 1 i vedlegget, er godkjend.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 359 av 4.12.2004, s. 62, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 91/2005 av 8. juli 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60 av 24.11.2005, s. 2.

(¹) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 2003.

(²) TEF L 200 av 30.7.2002, s. 37.

Artikkel 2

Den planen som Frankrike har lagt fram for naudvaksinasjon av viltlevande svin i det området som er nemnt i nr. 2 i vedlegget, er godkjend.

Artikkel 3

Frankrike skal straks gjere dei tiltaka som er naudsynte for å rette seg etter dette vedtaket, og offentliggjere desse tiltaka. Frankrike skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til Republikken Frankrike.

Utfirda i Brussel, 3. desember 2004.

For Kommissjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommissjonen

*VEDLEGG***1. Område der utryddingsplanen skal gjennomføres****A. *Smittesone***

Det området i departementa Bas-Rhin og Moselle som ligg vest for veg D 264 frå grensa til Tyskland ved Wissembourg til Soultz-sous-Forêts, nord for veg D 28 frå Soultz-sous-Forêts til Reichshoffen (området omfattar heile området til kommunen Reichshoffen), aust for veg D 62 frå Reichshoffen til Bitche og deretter aust for veg D 35 frå Bitche til grensa til Tyskland (i Ohrenthal), sør for grensa til Tyskland frå Ohrenthal til Wissembourg og eit belte på 5-10 km rundt dette området der vaksinasjonen vert gjennomført.

B. *Overvakingszone*

Det området i departementa Bas-Rhin og Moselle som ligg nord for motorveg A 4 frå Strasbourg til Herbitzheim og aust for des Houillères-kanalen og elva Sarre frå Herbitzheim til Sarreguemines.

2. Område der naudvaksinasjonsplanen skal gjennomføres

Det området i departementet Bas-Rhin og Moselle som ligg vest for veg D 264 frå grensa til Tyskland ved Wissembourg til Soultz-sous-Forêts, nord for veg D 28 frå Soultz-sous-Forêts til Reichshoffen (området omfattar heile området til kommunen Reichshoffen), aust for veg D 62 frå Reichshoffen til Bitche og deretter aust for veg D 35 frå Bitche til grensa til Tyskland (i Ohrenthal), sør for grensa til Tyskland frå Ohrenthal til Wissembourg og eit belte på 5-10 km rundt dette området.
